



Voss kommune bygd for sterke opplevingar

Årsmelding 2019



Innhald


1. Økonomisjef sine kommentarar	3
2. Overordna visjon og målsetting	4
3. Administrasjon.....	5
4. Resultatrekneskap	8
5. Balanse.....	9
6. Rekneskapskjema 1A Driftsrekneskapen.....	10
7. Notar	11
8. Pensjon.....	11
9. Ytingar til leiande personar og kontrollorgan	11
10. Resultat for kommunalavdelingane.....	11
11. Lånegjelda.....	13
12. KOSTRA	13
13. Kapitalrekneskapen	16
14. Rådmannen og politiske organ.....	17
15. Kommunalavdelingane	18
15.1 Oppvekst	18
15.2 Helse og omsorg.....	21
15.3 Rådmannen sin stab	24
15.4 Kultur og fritid	26
15.5 Teknisk.....	27
16. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål	30
17. Forvaltning av kommunen si gjeldsportefølgje	31

1. Økonomisjef sine kommentarar

Generelt

Voss kommune sine driftsinntekter var i 2019 på 1,339 milliardar kroner. Driftsutgiftene var på 1,381 milliardar kroner, noko som gjev eit brutto driftsresultat på omlag -41,9 millionar kroner.

Netto driftsresultat, som er justert for finansinntekter og finansutgifter, var på -25,4 millionar kroner. Dette er -1,9% av brutto driftsinntekter. Ved å nytte dei fondsmidlane som var avsett til kommunesamanslåing, vart netto resultat auka til omlag -1,4 %. Etter netto avsetningar og bruk av fond går Voss kommune balanse i 2019.



Figuren framstiller netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter over dei siste 4 åra.

Når det gjeld dei einsskilte kommunalavdelingane, syner rekneskapen eit negativt avvik totalt for desse på omlag 14,1 mill. kr i høve revidert budsjett. Her har kommunalavdeling Oppvekst eit negativt avvik på 12,2 mill. kr, og kommunalavdeling Helse og omsorg eit negativt avvik på 3,9 mill. kr.

Etter 3. kvartalsrapport var prognosen for kommunalavdeling Oppvekst på 12 mill. kr i minus, og Helse og omsorg på 14 mill. kr i minus. Budsjettet vart difor auka med 10,7 mill. kr. for Oppvekst og 12,7 mill. kr for Helse og omsorg. Utan budsjettendringane ville desse avdelingane hatt eit negativt avvik på 39,5 mill. kr.

Integreringstilskotet har vorte redusert med om lag 18 mill. kr. sidan 2017, medan tenestetilbodet og utgifter på integreringsområdet ikkje har vorte redusert tilsvarande. Arbeidet med etablering av ny kommune har påverka arbeidssituasjonen, med fokus på det nye heradet i tillegg til den daglege drifta i den «gamle kommunen» (Voss kommune).

Sidan 2012 har kommunen hatt stort fokus på å få balanse i driftsøkonomien. I åra 2013 til 2017 hadde kommunen positive driftsresultat, og i åra 2013 til 2018 har disposisjonsfonda auka frå kr 0,8 mill. kr, til 84,9 mill. kr. 2019 har diverre vore eit krevjande år, slik at kommunen måtte bruka av disposisjonsfond for å gå i balanse. Disposisjonsfondet er redusert til 56,2 mill. kr. ved utgangen av 2019.

Folketalsutvikling

Folketalet auka med 156 personar gjennom 2019, frå 14 606 til 14 762 (1,1%).

2. Overordna visjon og målsetting

Visjon

I Voss kommune sin kommuneplan for 2015-2026 viser ein til at Voss har mange sterke sider og er ein god kommune å bu i. Dette vil ein ta vare på og vidareutvikla. Kommunen sitt framtidsbilete er ; " Voss – bygd for sterke opplevingar ".

Med dette meinast at her kan ein få sterke og gode opplevingar enten det gjeld i naturen, innan kulturlivet, på skulen eller i omsorgstenestene. Voss skal vera ein attraktiv kommune i utvikling, der det er tilrettelagt for god livskvalitet - for alle.

I samband med utarbeiding av kommuneplan for Voss herad vert det laga visjon for den nye kommunen. Målsettinga er at det nye kommunestyret for Voss herad skal vedta samfunnsdel av kommuneplanen våren 2020.

Mål for organisasjonen Voss kommune

1. Voss kommune skal vera ein organisasjon som er målretta, effektiv, lærande og serviceinnstilt.
2. Sjukefråværet bør liggje under landsgjennomsnittet for kommunane
3. Voss kommune skal i størst mogleg grad praktisera meiroffentlegheit
4. Kommunen skal framstå som ein nytenkjande og attraktiv arbeidsplass ved å investera 2 % av brutto lønskostnader i kompetanseutvikling.

Verdiar

Voss kommunestyre vedtok desember 2016 ny arbeidsgjevarepolitikk der kommuneorganisasjonen sine verdiar er: **PROFESJONELL – PÅLITELEG – SKAPANDE – INKLUDERANDE**
Dette vil også vera gjeldande for Voss herad.

Me er profesjonelle når

- me er kunnskapsrike og syner endringsvilje
- me er lagspelarar i alle ledd
- me kan faget vårt og er oppdaterte
- me utøver yrket stolt og audmjukt

Me er pålitelege når

- me er ærlege og truverdige
- me opptrer ryddig og føreseieleg
- me er trygge og lojale
- me er rettvisе og konsekvente

Me er skapande når

- me tenkjer nytt
- me ynskjer å utgjera ein forskjell
- me er løysingsorienterte
- me er modige og handlekraftige

Me er inkluderande når

- me sikrar at alle blir verdsett, respektert og får ta del i fellesskapet
- me er imøtekomande og lyttande
- me tek vare på kvarandre
- me har opne prosessar

3. Administrasjon

Personell

Ved utgangen av året hadde Voss kommune 1218 fast tilsette. Av desse var 961 kvinner og 266 menn. Ved overgangen frå 2017/2018 var det 1227 fast tilsette fordelt på 987 årsverk. 961 kvinner og 266 menn. I 2019 vart det i tillegg produsert 115 årsverk i form av variable timar og 7 overtidårsverk. Voss kommune hadde òg ein del vikarar som var tilsett mellombels for kortare periodar.

Lærlingplassar

Rådmannen sin stab har ein lærling i IKT-faget. I tillegg har Granvin herad ein lærling. Målet er til ei kvar tid å ha to lærlingar i dette faget.

I Oppvekst var det skuleåret 2018-2019 ingen lærlingar. To fekk tilbod om lærlingplass, men takka nei. Hausten starta ein lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Målet har vore minimum to nye lærlingar pr. år. Kommunalavdeling helse og omsorg hadde 12 lærlingar i løpet av 2019. 5 av desse tok også fagbrev i 2019. Frå desember 2019 har 2 starta opp med læreløpet Fagbrev på jobb.

Internkontroll

Arbeidet med internkontroll har i 2019 vore prega av å få oversikt over retningslinjer, rutinar og prosedyrar både i Voss kommune og Granvin herad. Vidare er det laga nye rutinar og retningslinjer for Voss herad, og det er jobba med kartlegging av behov for styrings- og leiingssystem for den nye kommunen. Voss kommune har ikkje eit felles kvalitetssystem for heile kommunen. Ulike dokument for å sikra internkontroll er lagra på fleire forskjellige plassar og system. Det er behov for å samla dette for å betre internkontroll framover. Samtidig som det er jobba med å bygga opp strukturen for internkontroll for ny kommune, har det vore jobba med å etterleva lovverk i dei ulike tenestene kvar dag.

Helse og omsorg har også lagt ned mykje arbeid med utvikling av eit nytt kvalitetssystem i 2019, kalla Kvalitetshuset. Dette arbeidet vil fortsetje i 2020, og er venta å gje desse teneste eit godt tilpassa verktøy for styra kvalitet, kompetanse og sikra etterleving av krav.

2019 har også vore eit år der opplæring og rutinar for å handtere personvern og GDPR – EU si personvernordning – har vore viktige tiltak innan internkontroll.

Status tilsyn frå eksterne

Tilsynsmynde	Kommunalavdeling	Område	Tal tilsyn	Avvik j/n	Lukka j/n
El-tilsyn	Teknisk	Brann	1	J	N
El-tilsyn	Teknisk	Tekniske anlegg og installasjonar	4	J	J
Branntilsyn	Teknisk	Branntryggleik barnehagar	2	J	J
Branntilsyn	Teknisk	Branntryggleik skular	3	J	J
Branntilsyn	Teknisk	Branntryggleik institusjonar	2	J	J
Branntilsyn	Teknisk	Branntryggleik øvrige	2	J	J
Fylkesmannen	Helse og omsorg	Tvang, kapittel 9	1	N	-
Fylkesmannen	Helse og omsorg/ Oppvekst	Ettervern og samarbeid mellom barnevern og sosiale tenester, barnevernsborn 18-23 år	1	J	J
Fylkesmannen	Oppvekst	Tilbod om grunnskuleopplæring for vaksne	1	J	I ferd

HMS (Helse, miljø og sikkerheit)

Voss kommune sitt overordna mål for HMS-arbeidet er å utvikla eit trygt arbeidsmiljø som legg til rette for personleg, fagleg vekst og utvikling for tilsette.

Overordna fokusområde i 2019 har vore å redusera sjukefråvær, risikokartlegging for truslar og vald, revisjon av varslingsrutine, avvik og kommunesamanslåing.

Det vart i 2019 meldt 875 avvik. (2018: 654, 2017: 394, 2016: 393)

På desse områda var det meldt flest avvik som omhandlar HMS på desse områda:

	2019	2018
VALD	270	233
PERSONSKADE	52	49
TILLØP TIL SKADE	16	17
TRUSLAR	46	38


Vald er det HMS-området det vert meldt flest saker på. Desse sakene er meldt i Helse og omsorg og i Oppvekstavdeling. Dette er eit felt som det er fokus på i kommunen sin overordna HMS handlingsplan. Arbeidstilsynet har vore rundt i kommunar i Hordaland på rettleiingsmøte om truslar og vald, der dei inviterte helse- og omsorg og oppvekst, då det er i desse tenestene dei ser er mest utsett. Voss kommune deltok på overordna nivå, og det var ein god innføring og dialog om emnet. Kunnskapen er vidareformidla til leiarar på internopplæring.

Av andre avvik vart det meldt inn flest avvik på desse områda: 97 «andre feil/manglar», 58 «bemanningsavvik», 46 «farlege forhold/ farleg handling» og 47 «prosedyre/rutine ikkje følgt».

Varslingsrutine

Personalavdelinga og hovudverneombodet i Voss og Granvin har arbeidd med revisjon av varslingsrutine og rutine for handtering av konflikt, utilbørleg åtferd, og trakassering. Den har vore handsama i AMU 02.12.19, og lagt fram for vedtak i Administrasjonsutvalet 07.01.20

Sjukefråvær



Grafen viser fráværet i Voss kommune samla, og for kommunalavdelingane i 2017, 2018 og 2019. Fráværet for 2019 er over målet, som er sett til 7,5%. Det er eit resultat som viser at sjukefrávær må arbeidast med systematisk og kontinuerleg.

Dette vert det arbeidd med i alle avdelingar. Det er gitt internopplæring til leiarar, og kommunalavdelingane har fokus på dette. Bedriftshelsetenesta har hatt internopplæring og har vore ute på arbeidsplassane og snakka om frávær.

Sjukefrávær har mange faktorar. Enkeltfaktorar kan ikkje forklara tala, og enkelttiltak har ikkje nokon langsiktig effekt på sjukefráværet. Det må tenkast heilskapleg og langsiktig rundt arbeidet med sjukefrávær og nærvær.

For 2019 var legemeldt frávær for alle kommunar i landet på 7,2%, medan Voss kommune har 7,4%

Medarbeidarundersøking

Det har ikkje vore gjennomført medarbeidarundersøking i 2019. Dette var i samsvar med plan for leiarutvikling for alle leiarane i nye Voss herad som starta opp i 2020.

Likestilling og diskriminering

Voss kommune har ikkje hatt saker som gjeld diskriminering i 2019.

Vel 70% av leiarane i kommunen er kvinner, og 30% menn.

I kommunalavdeling helse og omsorg er det ynskje om tiltak for å få fleire menn. Det er også ynskje om tiltak for å få fleire varig tilrettelagte arbeidsplassar for dei som har behov for det. Dette er eit langsiktig arbeid.

I barnehagane i Voss er det langt fleire kvinnelege tilsette enn menn. For å gjere det meir attraktivt for menn å jobbe i barnehagane våre, har me eigne samlingar for dei mannlege tilsette i barnehagane.

Etikk

Voss kommune hadde etiske retningslinjer som gjaldt for både tilsette og folkevalde. Det same hadde Granvin herad. Som ein del av prosjektet å byggja Voss herad 2020, vart det utarbeidd nye etiske retningslinjer for tilsette og for folkevalde. Her har det vore brei involvering.

Når nye retningslinjer er på plass, skal både folkevalde og tilsette jamleg skal trenast på ulike etiske dilemma.

4. Resultatrekneskap

Resultatrekneskap (i 1000 kr)

DRIFTSINNTEKTER OGDRIFTSKOSTNADER	Rekneskap 2019	Revidert budsjett 2019	Rekneskap 2018	Endring i høve 2018
Driftsinntekter				
Brukarbetaling	59 566	58 505	58 223	2,3 %
Andre sals- og leigeinntekter	125 345	126 654	122 499	2,3 %
Overføringer med krav til motytelse	175 855	125 843	177 745	-1,1 %
Rammetilskot	449 327	448 424	441 859	1,7 %
Andre statlege overføringer	36 079	38 600	40 960	-11,9 %
Andre overføringer	299	5	897	-66,7 %
Skatt på inntekt og formue	415 348	411 592	391 687	6,0 %
Eigedomsskatt	58 043	58 881	60 173	-3,5 %
Andre direkte og indirekte skattar	19 301	12 000	17 733	8,8 %
Driftsinntekter i alt	1 339 162	1 280 504	1 311 775	2,1 %
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	708 446	693 486	676 586	4,7 %
Sosiale utgifter	178 856	204 796	170 686	4,8 %
Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjon	224 873	199 571	216 337	3,9 %
Kjøp av tenester som erstattar tenesteproduksjon	130 435	119 545	125 148	4,2 %
Overføringer	96 982	65 967	99 599	-2,6 %
Avskrivningar	61 409	61 409	57 602	6,6 %
Fordelte utgifter	-19 975	-17 112	-18 987	5,2 %
Driftsutgifter i alt	1 381 026	1 327 662	1 326 971	4,1 %
Brutto driftsresultat	-41 864	-47 158	-15 196	175,5 %
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	28 223	27 207	25 327	11,4 %
Mottatte avdrag på utlån	2 725	50	8	35755,3 %
Sum eksterne finansinntekter	30 948	27 257	25 334	22,2 %
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostningar låneomkostningar	24 719	26 107	20 359	21,4 %
Avdrag på lån	49 691	48 354	47 860	3,8 %
Utlån	1 490	1 500	4 575	-67,4 %
Sum eksterne finansutgifter	75 901	75 961	72 794	4,3 %
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-44 952	-48 704	-47 460	-5,3 %
Motpost avskrivningar	61 409	61 409	57 602	6,6 %

DRIFTSINNTÆKTER OGDRIFTSKOSTNADER	Rekneskap 2019	Revidert budsjett 2019	Rekneskap 2018	Endring i høve 2018
Netto driftsresultat	-25 407	-34 453	-5 054	402,7 %
Interne finanstransaksjonar				
Bruk av tidlegare års reknesk.m. mindreforbruk			5 352	-100,0 %
Bruk av disposisjonsfond	28 698	28 698	7 851	265,5 %
Bruk av bundne fond	20 158	15 024	27 153	-25,8 %
Sum bruk av avsetningar	48 856	43 722	40 355	21,1 %
Overført til investeringsrekneskapet			2 391	-100,0 %
Avsett til disposisjonsfond	5 628	5 628	16 926	-66,7 %
Avsett til bundne fond	17 821	3 640	15 985	11,5 %
Sum avsetningar	23 449	9 268	35 302	-33,6 %
Rekneskapsmessigt meir/mindreforbruk	0	0	0	

5. Balanse

Balanse pr 31. desember (i 1000 kr)

	2019	2018
EIGNELUTAR		
Anleggsmidler		
Faste eiendommer og anlegg	1 403 775	1 380 189
Utstyr, maskiner og transportmidlar	130 768	138 306
Utlån	318 882	316 477
Aksjar og andelar	178 008	175 037
Pensjonsmidlar	1 385 117	1 318 092
Anleggsmidler i alt	3 416 551	3 328 101
Omløpsmidlar		
Kortsiktige fordringar	70 057	81 650
Konserninterne kortsiktige fordringar	23	23
Premieavvik	18 121	11 212
Kasse, postgiro, bankinnskott	410 446	411 866
Omløpsmidlar i alt	498 647	504 751
SUM EIGNELUTAR	3 915 197	3 832 852
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Langsiktig gjeld		
Pensjonsforpliktelsar	1 562 786	1 495 436
Langsiktig lånegjeld	1 260 294	1 248 664

	2019	2018
Langsiktig gjeld i alt	2 823 079	2 744 100
Kortsiktig gjeld		
Annan kortsiktig gjeld	181 872	169 617
Derivat	-	- 2
Premieavvik	-	1 112
Kortsiktig gjeld i alt	181 872	170 728
Gjeld i alt	3 004 951	2 914 827
Eigenkapital	910 246	918 025
Av dette: fond	180 471	211 136
Av dette: disposisjonsfond	56 237	84 859
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	3 915 197	3 832 852

6. Rekneskapskjema 1A Driftsrekneskapen

	Rekneskap 2019	Regulert budsjett 2019	Opprinneleg budsjett 2019	Rekneskap 2018
Skatt på inntekt og formue	415 348	411 592	383 592	391 687
Ordinært rammetilskot	449 327	448 424	460 424	441 859
Skatt på egedom	58 043	58 881	58 281	60 173
Andre direkte eller indirekte skattar	19 301	12 000	12 000	17 733
Andre generelle statstilskot	36 079	38 600	37 600	40 960
Sum frie disponible inntekter	978 099	969 497	951 897	952 412
Renteinntekter og utbytte	28 223	27 207	25 707	25 327
Renteutg., provisjon og andre fin.utg.	24 719	26 107	24 907	20 359
Avdrag på lån	49 691	48 354	48 354	47 860
Netto finansinnt./utg.	-46 187	-47 254	-47 554	-42 892
Til ubundne avsetningar	5 628	5 628	210	16 926
Til bundne avsetningar	17 821	3 640	3 640	15 985
Bruk av tidlegare reknesk.m. mindreforbruk				5 352
Bruk av ubundne avsetningar	28 698	28 698	7 800	7 851
Bruk av bundne avsetningar	20 158	15 024	16 214	27 153
Netto avsetningar	25 407	34 453	20 164	7 445
Overført til investeringsrekneskapet				2 391
Til fordeling drift	957 318	956 696	924 507	914 573
Sum fordelt drift	957 318	956 696	924 507	914 573
Rekneskapsmessigt meir/mindreforbruk	0	0	0	0

7. Notar

1. Auke i andre sals- og leigeinntekter i høve til året før, og i høve til budsjett, skuldast inntekter på vatn og avlaup, samt på bygg og eigedom.
2. Overføringer med krav til motyting er refusjon sjukepengar, statlege midlar og momskompensasjon. Avvik i høve budsjett skuldast m.a. auke i refusjon sjukepengar og momsrefusjon.
3. I skatteinntekter hadde Voss ein auke på 22,7 mill. kr. i høve til året før. Dette er ei auke på 6,0 %. For Hordaland var auken på 1,8 %, medan auken på landsbasis var på 4,7 %. Dei totale skatteinntektene vart 4,4 mill. kr. høgare enn revidert budsjett. Naturressursskatt er på 12,6 mill. kr og ført under andre direkte og indirekte skattar.
4. Avvik i finansutgifter skuldast auka renteutgifter og avdrag, medan det også er auke i finansinntekter.

8. Pensjon

PENSJOSKOSTNAD i 1000 kr.	KLP	STP	Arbeidsgj.avg.	Totalt
Berekna pensjon iht. aktuar	66 028	13 618	11 230	90 876
Betalt pensjon	79 609	15 919	13 469	108 997
Premieavvik	-13 581	-2 301	-2 239	-18 121
Tilbakeført forrige års premieavvik	9 826	975	1 523	12 324
2 prosent andel tilsette 2% tilsett andel	-9 941	-2 392	-1 739	-14 072
Total pensjonskostnad	65 913	12 201	11 014	89 128


9. Ytingar til leiande personar og kontrollorgan

Person/kontrollorgan	Yting
Ordførar	977 763
Rådmann	1 142 220
Prosjektrådmann	1 333 115
Honorar rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon	815 092
Innbetaling pensjon for revisjonsselskapet	85 876
Andre oppgåver revisor	144 025
Honorar sjølvkostnester VA	52 028
Kontrollutvalsekretær	171 125

10. Resultat for kommunalavdelingane

Kommunalavdeling	Rekneskap 2019			Regulert budsjett 2019			Avvik	Avvik
	Utgift	Inntekt	Netto	Utgift	Inntekt	Netto	Netto	%
1 Rådmann/politiske organ	-9 326	-17 202	-26 528	1 001	-18 349	-17 348	9 180	52,92 %
2 Oppvekst	517 421	-96 493	420 928	485 573	-76 868	408 706	-12 223	2,99 %

	Rekneskap 2019			Regulert budsjett 2019			Avvik	Avvik
3 Helse og omsorg	499 401	-108 098	391 303	485 816	-98 450	387 367	-3 937	1,02 %
4 Stab	68 758	-20 340	48 418	56 273	-5 933	50 340	1 922	3,82 %
5 Kultur og idrett	56 701	-18 281	38 420	53 855	-16 136	37 719	-701	1,86 %
6 Teknisk	276 940	-150 752	126 188	257 785	-130 796	126 988	800	0,63 %
Sum	1 409 896	-411 166	998 730	1 340 303	-346 532	993 772	-4 959	0,50 %



Oppvekst:

Totalt sett har utgiftsnivået vore høgare enn kva oppvekst har hatt budsjett til i 2019. Tenestområda har hatt ulike utfordringar som på kort sikt har vore vanskeleg å gjere noko med. Oppsummert hadde oppvekst bemanningsnorm i både skule og barnehage som skulle oppfyllest, i tillegg til stadig meir krevjande og komplekse arbeidsoppgåver, til dømes elevsaker og særskilt tilrettelegging. Det er overforbruk på løn som utgjer dei største overskridingane i dei nemnde tenestene.

Barneverntenesta har ikkje klart seg innanfor oppsette økonomiske rammer. Det er mange faktorar som spelar inn på dette, mellom anna høge kostnader til godtgjering av fosterheimar og kjøp av private tenester.

Integreringstenesta har hatt ein forventning om å redusere kostnadene som ein konsekvens av at me i 2019 har tatt imot færre flyktingar enn tidlegare år. Dette har vore vanskeleg å realisera, og integreringstenesta som Voss har, er raskare å bygge opp enn å bygge ned. Me har forplikingar i høve det å ivareta dei flyktingane som er kome til Voss. Dette medfører budsjettoverskridingar også for denne tenesta.

Helse og omsorg

Helse og omsorg har hatt høgt meirforbruk i høve budsjett. Dette kjem i hovudsak frå nye og omfattande pleiebehov, ikkje optimal ressursstyring på enkelte avdelingar, og reell auke i utgifter som legevakt, lisensar, husleige og sosial stønad. Nokre område har også hatt høgt fråvær, noko som fører til dyre løysingar for å dekkja bemanningsbehovet. Medan utgiftene til korttidsvikar, ekstrahjelp og overtid har vore stabilt i åra 2014 til 2017, har dei stege i 2018 og 2019.

Rådmannen sin stab

Staben hadde eit mindreforbruk på 1,9 mill. kr totalt i 2019. Avdelingane økonomi og analyse og HR og innovasjon går i pluss grunna auka inntekter og mindre utgifter til fellesopplæring, medan innbyggjarservice går i minus. For innbyggjarservice er auke i lisensutgifter ei vesentleg årsak til meirforbruket.

Kultur og fritid

Kommunalavdelinga hadde eit samla underskot i høve budsjett på 700.000 kroner. Underskotet er knytt til Kulturhuset og kino, der det i hovudsak er besøkstal på kino som ligg under budsjettert nivå.

Teknisk

Rekneskapen for tekniske tenester viser totalt eit mindreforbruk på 800.000 kroner i høve revidert budsjett. Utgiftene ligg 19 mill. kr over budsjett, medan inntekter utgjorde i underkant av 20 mill. kr meir enn budsjettert.

Noko av årsakene til store avvik er mellom anna at fleire investeringsprosjekt er redefinert frå investering til drift.

11. Lånegjelda

	2018	2019
Etableringslån	198 379	213 298
Lån til investeringar	1 050 285	1 046 996
Pensjonsforpliktingar	1 495 436	1 562 786
Sum langsiktig gjeld	2 744 100	2 823 080

12. KOSTRA

Forbruk pr. funksjon

Funksjonsnr	KOSTRA funksjon	Rekneskap 2019	Oppr. budsjett	Rev. budsjett	Rekneskap 2018
100	Politisk styring	5 398	6 448	5 948	4 524
110	Kontroll og revisjon	1 296	1 361	1 361	1 274
120	Administrasjon	61 944	69 075	69 541	60 841
121	Eigedomsforvaltning	4 527	6 743	7 101	5 120
130	Administrasjonslokale	4 192	2 586	2 801	3 862
170	Årets premieavvik	-18 121	0	-5 419	-10 100
171	Tidlegare års premieavvik	10 100	0	10 100	4 608
172	Pensjon	432	0	0	404
173	Premiefond	-19 791	-26 654	-26 654	-11 044
180	Fellesutgifter	823	778	778	515
190	Interne serviceeiningar	0	69	220	0
201	Barnehage	108 233	104 099	107 809	101 367
202	Grunnskule	186 436	173 519	179 910	172 981
211	Styrkt barnehagetilbod	9 687	7 607	7 748	9 405
213	Vaksenopplæring	8 645	4 513	6 688	4 186
215	Skulefritidsordning	4 128	3 274	3 309	4 122
221	Barnehagelokale og skyss	8 315	6 219	7 934	8 181
222	Skulelokale	37 177	30 710	34 691	33 102
223	Skuleskyss	5 091	6 479	6 479	5 560

Funksjonsnr	KOSTRA funksjon	Rekneskap 2019	Oppr. budsjett	Rev. budsjett	Rekneskap 2018
231	Aktivitetstilbud for barn og unge	3 114	3 114	3 152	3 125
232	Helsestasjon og skulehelse	9 055	12 185	12 374	8 724
233	Førebyggjande helsearbeid	564	4 228	4 228	2 090
234	Aktivisering av eldre og funksjonshemma	17 021	15 953	16 540	16 025
241	Lege og fysioterapi tenester	28 482	26 509	27 904	28 867
242	Sosial og flyktningkontor	19 098	17 594	18 018	15 467
243	Rusomsorg	54	201	114	-5
244	Barnevernsteneste	9 824	7 049	9 960	8 494
251	Barnevernstiltak i familien	5 663	5 892	5 916	6 087
252	Barnevernstiltak utanfor familien	32 526	20 082	22 345	29 060
253	Pleie i institusjon	158 732	149 530	159 170	151 536
254	Pleie til heimebuande	133 258	124 091	131 563	127 608
256	Tilbod øyeblikkelig hjelp -døgnopphald i kommune	2 296	2 575	2 695	3 320
261	Institusjonslokale	27 391	25 758	26 295	25 597
265	Kommunalt disponerte bustader	7 438	6 032	6 435	8 390
273	Kommunale sysselsettingstiltak	613	588	588	535
275	Introduksjonsordninga	11 312	9 064	11 064	15 248
276	Kvalifiseringsordning	3 258	2 640	2 640	2 650
281	Yting til livsopphald	15 880	13 668	15 268	16 380
283	Stønad til eigen bustad	-1 719	42	42	-1 864
285	Tenester utanfor kommunalt ansvarsområde	78	0	0	36
290	Interkommunale samarb.(§27-samarb.ny)	0	5 310	5 445	8
301	Plan - sakshansaming	3 948	6 134	6 227	3 247
302	Bygge- og delesak	-729	-585	-558	-465
303	Kart og oppmåling	1 954	3 234	3 101	2 367
320	Kommunal næringsverksemd	113	166	166	-673
321	Konsesjonskraft,kraftrettar og anna kraft for vidare sal	-13 424	-13 164	-13 164	-7 436
325	Tilrettelegging og bistad for næringslivet	7 777	6 487	7 503	7 610
329	Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling	1 843	1 849	1 890	1 327
330	Samferdsle	377	460	463	474
332	Kommunale vegar,miljø,traikksikr,parkering	34 816	32 351	34 368	27 677
335	Parkar og plassar	4 321	4 632	4 593	4 517
338	Førebygging brann og ulukker	1 001	723	1 136	1 219
339	Beredskap brann og ulukker	10 636	10 128	10 391	9 808
340	Produksjon av vatn	5 207	5 160	4 764	4 588
345	Distribusjon av vatn	-7 753	-7 751	-7 386	-7 373
350	Avlaupsrensing	13 105	13 504	13 444	13 148
353	Avlaupsnett	-15 827	-13 812	-13 778	-16 161
354	Tøming av septiktank	-59	-161	-161	143

Funksjonsnr	KOSTRA funksjon	Rekneskap 2019	Oppr. budsjett	Rev. budsjett	Rekneskap 2018
360	Naturforvaltning og friluftsliv	1 174	1 897	1 908	2 013
365	Kulturminneforvaltning	79	0	11	268
370	Bibliotek	4 894	4 803	4 889	4 819
373	Kino	-41	-524	-675	1 165
375	Museum	388	424	424	387
377	Kunnsformidling	883	875	875	850
380	Idrettaktivitetar og tilskot idrett	1 546	1 731	1 709	1 440
381	Kommunale idrettsanlegg/bygg	9 835	3 182	9 106	9 246
383	Kulturskule	4 822	4 532	4 635	4 434
385	Kulturaktivitetar og tilskot kultur	6 823	6 430	6 927	5 489
386	Kommunale kulturbygg	6 896	5 510	5 633	6 627
390	Kyrkja	6 815	8 177	8 177	7 955
392	Tilskot tru og livssynssamfunn	569	475	475	573
393	Gravplassar og krematorier	2 924	1 556	1 556	1 510
800	Skatt	-485 999	-453 873	-482 473	-464 104
840	Rammetilskot og generelle statstilskot	-449 327	-460 424	-448 424	-441 859
850	Generelt statstilskot	-30 100	-31 728	-32 728	-39 087
860	Motpost avskrivning	-61 409	-45 685	-61 409	-57 602
870	Renter, utbytte og lån	38 330	40 061	39 761	37 477
880	Interne finansieringstransaksjonar	-8 857	-11 813	-17 615	8 097

13. Kapitalrekneskapen

Oversyn over kapitalutgiftene (i tusen kr)

Hovudkapittel	2 017	2 018	2 019
0.1 Rådmannen og politiske organ			
0.2 Oppvekst	3 011	172	148
0.3 Helse og omsorg	5 639	3 736	3 628
0.4 Rådmannen sin stab	5 303	2 019	723
0.5 Kultur og fritid	515	234	855
0.6 Teknisk	171 836	59 820	79 583
SUM	186 305	65 982	84 936

Dei største investeringsprosjekta har vore:

Anlegg	Beløp
Lundhaugen omsorgsbustader	38 820 429
Omsorgsbustader på Vetleflaten (Udlabutomta)	7 675 739
Kvislibru	7 060 260
Kjøp nye bilar	4 987 813
Ekstraord.vedlikehald renseanlegg	1 991 158
Oppgradering Gamlekinoen	1 506 236
Lastebil	1 493 400
Kløve barnehage - tak	1 351 499
Utstyr institusjonar	1 350 947
Brannstasjon garderobe	1 289 986
Industrifelt Istad - byggetrinn 3	1 214 288

14. Rådmannen og politiske organ

Avvik budsjett/ rekneskap 2019 i 1000 kr

	Opprinneleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2019	Avvik +/- revidert budsjett	Rekneskap 2018
Utgifter	5 992	-7 161	-15 843	8 681	-8 248
Inntekter	-87	-10 186	-10 685	499	-224
Netto	5 905	-17 348	-26 528	9 180	-8 473

Økonomi

Her inngår rekneskapen for premieavvik på pensjon, rådmann og alle folkevalde organ; kommunestyret, formannskap, miljø- og kulturutvalet, administrasjonsutvalet, levekårsutvalet, næring- og tiltaksutvalet, støtte til politiske parti, kommunestyret sin reservepost og godtgjersle til ordfører og varaordfører. Det er nær 1 mill. kr i meirforbruk for folkevalde organ, elles er det største budsjettavviket på premieavvik for pensjon.

Kvart tenesteområde må føra pensjon på sine område basert på lønsutgiftene dei har, men det vil i tillegg oppstå eit rekneskapsmessigt avvik som vert ført sentralt. Dette premieavviket framkjem som forskjellen mellom det kommunen skal betala av premier, og det som skal bokførast etter eigne reglar i rekneskapsåret. Storleiken på avviket varierer ofte frå år til år, og avheng av kor mykje premiefond som vert nytta. For 2019 er det eit samla økonomisk positivt avvik på 9,2 mill. kr. Avviket mellom det som var stipulert at kommunen skulle betala, og den premien som vart betalt, viser eit negativt avvik på om lag 3,0 mill. kr. For premieavvik er det eit positivt avvik på 12,7 mill. kr. Andre pensjonskostnader utgjør 0,4 mill. kr.

Tabellen under viser fordeling av rekneskap og budsjett i 2019 på dei ulike ansvarsområda:

2019	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Folkevalde	5 728	4 758	-969
Rådmann	1 784	2 362	578
Revisjon/kontrollutval	1 296	1 361	64
Premieavvik pensjon	-35 931	-26 654	9 277
Offentlege organ	596	825	229
Sum	-26 528	-17 348	9 180

Voss herad

I 2019 vart rekneskapen til Voss herad (prosjektorganisasjon for kommunesamanslåinga) ført under Voss kommune. Dette vil sei at Voss kommune sitt rekneskap hadde ein ekstra utgift på omtrent 6,5 mill. kr, som vart dekkja inn av fondsmidlar, og som påverkar netto driftsresultat negativt. Netto utgifter med prosjektarbeidet er likevel noko lågare enn budsjettert. Dette kjem av at kommunen i stor grad har nytta interne ressursar til endringsarbeidet.

Rekneskap Voss herad

	Opprinneleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2019	Avvik +/- revidert budsjett	Rekneskap 2018
Utgifter	8 162	8 162	6 517	1 645	9 630
Inntekter	-8 162	-8 162	-6 517	-1 645	-9 630
Netto	0	0	0	0	0

15. Kommunalavdelingane

15.1 Oppvekst

Avvik budsjett/ rekneskap 2019 i 1000 kr

	Opprinneleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2019	Avvik +/- revidert budsjett	Rekneskap 2018
Utgifter	471 256	485 573	517 417	-31 844	495 416
Inntekter	-80 868	-76 868	-96 492	19 625	-95 825
Netto	390 388	408 706	420 925	-12 219	399 591

Økonomi

Totalt sett har utgiftsnivået vore høgare enn kva oppvekst har hatt budsjett til i 2019. Tenesteområda har hatt ulike utfordringar som på kort sikt har vore vanskeleg å gjere noko med. Oppsummert hadde oppvekst bemanningsnorm i både skule og barnehage som skulle oppfyllest, i tillegg til stadig meir krevjande og komplekse arbeidsoppgåver, til dømes elevsaker og særskilt tilrettelegging. Det er overforbruk på løn, som utgjør dei største overskriddingane i dei nemnde tenestene.

Barnevern har meirforbruk knytt til fosterheimgodtgjersle, og integreringstenesta har hatt fleire deltakarar knytt til introduksjonsprogrammet enn førespegla i budsjett. Dette er summar som vil utfordra oss i budsjettår 2020 (utgjør totalt ca. 7,8 mill.).

Barnehagane: - hadde eit positivt resultat. Tre barnehagar har fått ekstra midlar til å kunne innføra ny bemanningsnorm i 2019. Dette er Evanger, Bulken og Kløve. Den største økonomiske risikoen innan barnehage er sjukefråvær og utgifter knytt til styrkt barnehagetilbod. Dette ser me igjen både i kommunale- og private barnehagar.

Grunnskule: - har samla sett ikkje klart å halde budsjett. Utfordringa er knytt til store behov for spesialundervisning og tilrettelegging som har kravd meir personell enn det dei økonomiske rammene tillét, men også lærarnorma har gjort det utfordrande å halde budsjett.

Barne- og familietenestene: - barneverntenesta har hatt eit meirforbruk i høve budsjett. Det er mange faktorar som spelar inn på dette. Mellom anna høge kostnader til godtgjering av fosterheimar og kjøp av private tenester. Det er ikkje sikkert at den totale ramma er for stram, men me må vurdere om barneverntenesta må omdisponere ressursane sine for å verte meir effektiv.

Integreringstenesta: - gjennom berekningsutvalet (som kartlegg utgifter til busetjing og integrering av flyktningar) har me fått stadfesta at Voss ligg heilt på snittet i Noreg når det gjeld kostnader til integrering og vaksenopplæring. Likevel har me hatt ein forventning om å redusere kostnadene i integreringstenesta, ein konsekvens av at me i 2019 tok imot færre flyktningar enn tidlegare år. Me ser at ei integreringsteneste som den vi har på Voss er raskare å bygge opp enn han er å bygge ned, og at me er forplikta til å ivareta dei flyktningane som er kome til Voss. Dette medfører budsjettoverskriddingar også for denne tenesta.

Investeringar

	2019	2018
Brutto	148	172
Refusjon/ tilskot		
Eigenkapital/ Likv. reserve		

	2019	2018
Lån framandkapital	-148	-172

Brukarperspektiv

Oppvekst er oppteken av å skapa gode tenester for brukarane. Eit viktig ledd i dette er å skapa Vossaskulen, Vossabarnehagen og Voss oppvekst. Me vil gje eit kvalitativt likeverdig tilbod, uavhengig av kvar i kommunen borna og familiane bur.

Alle born med lovfesta rett til barnehageplass har fått tilbod om barnehageplass. Familiar som flyttar til kommunen midt i året, eller born som fyller eitt år etter 1. november har ikkje lovfesta rett til barnehageplass, og må ofte venta ei stund før dei får plass. Presset på barnehageplassar er særleg stort i sentrum. Brukarundersøking gjennomført i 2019 viser at foreldra er nøgde med barnehagetilbodet på Voss.

På skulane gjennomfører alle elevar på 5. trinn, og på ungdomstrinnet elevundersøkinga i medio desember. Resultata viser jamt gode resultat, men det er stor variasjon mellom skulane. Det er auka førekomst av digital mobbing på ungdomssteget. I 2020 skal det søkjast om deltaking i den statlege initierte satsinga i inkluderande læringsmiljø.

Hausten 2019 inngjekk skulane ein leasingavtale på læringsbrett til alle elevar på 2. og 3. årstrinn. Dette som eit ledd i den digitale satsinga, der målet er betre og meir variert undervisning og læring gjennom auka bruk av digitale hjelpemiddel i Vossaskulen.

I barne- og familietenestene har barneverntenesta hatt fleire omsorgsovertakingar. 46 born har fått nye heimar, og til saman 138 born har fått andre hjelpetiltak frå barneverntenesta. 2019 har også vore eit år der barneverntenesta har motteke fleire bekymringsmeldingar enn vanleg. PPT har også hatt ein auke i tal tilvisingar i 2019. Barne- og familietenestene har i all hovudsak utført sine lovpålagde oppgåver trass i ein pressa personalsituasjon.

I integreringstenesta har fleire overføringsflyktningar ført til at ein større del av dei busette på Voss har helseutfordringar. Integreringstenesta har lagt om noko på strukturen i tenesta for å kunne gje tettare oppfølging til brukarar. Vaksenopplæringa har stort fokus på alfabetisering og grunnskuleundervisning som ein del av introduksjonsprogrammet. Fleire flyktningar har rett til, og får, vedtak om eit tredje år i programmet.

Medarbeidarperspektiv

Leiarar og tilsette er opptatt av å skapa gode barnehagar for borna, men opplev knappe ressursar. Nokre barnehagar treng meir tenlege bygg og betre og meir varierte uteområde.

Innan skule har me hatt utfordringar når det gjeld rekruttering av rektorar. Dette er ei utfordring me no har løyst og vonar dette vert stabilt framover.

I heile oppvekst har me faste leiarmøte og nettverk mellom leiarane. Kultur, endring og erfaringsdeling er sentralt når me møtast. Det er godt samarbeid mellom einingane, og mellom einingane og administrasjonen.

Det er krevjande å gje eit likeverdig tilbod til alle med knappe ressursar. For oppvekst samla sett brukar me meir ressursar på reperasjon enn på førebygging. Dette må me arbeide med å snu. Fleire skular har trong for oppgradering.

Barnevernet fekk ny leiar i mai. Frå november 2019 vart sjukefråværet i barnevernet høgt. Stort arbeidspress og arbeidsmiljøproblem førte til at det vart sett i verk fleire tiltak. Personalsituasjonen har ført til mindre tid til generell førebygging og tverrfagleg samarbeid, enn ynskja.

PPT sin leiar slutta i juni 2019 og det vart konstituert ny leiar frå ein av rådgjevarane.

Logopedane er administrativt underlagt PPT. Frå august 2019 tilsette me tre medarbeidarar i Meistringsteamet. Desse er også administrativt underlagt PPT. Dei skal gje lågterskeltilbod til elevar i grunnskulen med psykososiale vanskar.

Helsestasjonen har hatt utfordringar med rekruttering av helsesjuepleiarar i ledige stillingar. I to av stillingane vart det mellombels tilsett sjukepleiarar.

Integrering og vaksenopplæring har hatt stabilitet blant medarbeidarane gjennom året. Arbeid med flykningar med helseutfordringar og lite formalutdanning har vore krevjande, men samstundes givande når ein ser gode resultat. Samarbeidet mellom vaksenopplæring og integreringstenesta er godt. Integreringstenesta og administrasjonen i EM-tiltaket er samlokalisert, og samarbeider om stillingsressursar.

Interne prosessar

Oppvekst har i 2019 brukt mykje tid på samanslåing av Voss og Granvin. I tillegg har me hatt ein felles satsing med kurs og opplæring om traumebasert omsorg. Her har me hatt eit omfattande samarbeid med RVTS-Vest (Ressurssenter om vald, traumer og sjølv mord).

I barnehagane har me vidareført arbeidet med den gode barnehage, og med rammeplan for barnehagar.

Hovudfokus for Vossaskulen har vore å bu seg på fagfornyninga som vert innført i august 2020. I tillegg har det vore jobba med digitalisering og innføring av læringsbrett på 2. og 3. årssteg. Alle kontaktlærarar på desse klassestega har hatt seks kursdagar i samband med innføringa av læringsbretta.

Voss kommune har hatt fleire styrarar som har fullført styrarutdanning, me har hatt mange lærarar som har teke vidareutdanning i matematikk og digitalisering, to lærarar i vaksenopplæringa har tatt vidareutdanning i norsk som 2. språk, og me har hatt rektorar på rektorskulen.

Helsestasjonen har gjeve tenester til Granvin frå våren 2019. Tilsette og leiarar i barne- og familietenestene, integreringstenesta og administrasjon av EM-tiltaket har vore involvert i arbeid med førebuing til innflytting i nytt leigebygg, i Knutepunktet. Innflytting skjer først i 2021, men i 2019 har det vore prosessar på utforming av bygget.

I 2019 har me arbeidd med tilsetjing av kommunepsykolog, og me har sett på ulike moglegheiter for å få på plass ei barnevernsvakt. I dette arbeidet har me også vore i dialog med nabokommunane. Me vil vidareføre dette arbeidet i 2020.

Integrering og vaksenopplæring har jobba med omfordeling av oppgåver internt med bakgrunn i endra målgruppe. Me har også hatt eit samarbeid på tvers om prosjektet «Voss for alle», med deltaking frå NAV og Scandic Voss; fokus er praksis og arbeidsnorsk med morsmålsstøtte.

15.2 Helse og omsorg

Hovudbodskap

Dei siste åra har det vore aukande etterspurnad i alle tenestene som vert tilbyd, både til unge og eldre. Dette har også vore tilfelle i 2019. Det har vore utfordrande å halda økonomisk tildelt ramme med denne auken, sjølv om det har vore løyvd meir ressursar i løpet av året. Avdelinga merkar at dei ferdigbehandla pasientane i sjukehus er noko meir krevjande enn tidlegare, både når det gjeld kompetanse og ressurskrav.

Indikatorar

Her vert det rapportert på indikatorar som dekningsgrad, pleietyngd, pleiefaktor og bemanningsfaktor. Tala gjeld kommunalavdeling helse og omsorg totalt.

Dekningsgrad for 2017 var på 15,4%, og for 2018 på 14,9%. Det vil sei at 14,9 prosent av alle innbyggjarar i Voss kommune som er 80 år eller eldre, bur på institusjon. KOSTRA-tal for denne indikatoren for 2019 har ikkje kome enno.

Utnyttinga av sengeplassar for somatiske langtids plassar for 2019 ligg på 94%.

Bemanningsfaktor og pleiefaktor er rekna som tal årsverk pr. brukar for somatiske langtids plassar. Bemanningfaktoren nyttar årsverk for alle tilsette i turnus, leiging og støtte m.m., mens pleiefaktoren reknar berre med tilsette som har direkte brukarkontakt.

	2019	2018
Bemanningsfaktor	1,01	0,99
Pleiefaktor	0,91	0,90

Pleietyngd i Voss kommune for langtids plassar i institusjon: 12% av brukarane har eit middels/stort pleiebehov, mens 87% har eit omfattande pleiebehov.

Avvik budsjett/ rekneskap 2019 i 1000 kr

	Opprinneleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2019	Avvik +/- revidert budsjett	Rekneskap 2018
Utgifter	459 419	485 816	499 401	-13 584	482 548
Inntekter	-93 492	-98 450	-108 091	9 648	-102 985
Netto	365 927	387 367	391 303	-3 936	379 563

Økonomi

Helse og omsorg har hatt høgt meirforbruk i høve budsjett. Dette kjem i hovudsak frå nye og omfattande pleiebehov, ikkje optimal ressursstyring på enkelte avdelingar og reell auke i utgifter som legevakt, lisensar, husleige og sosial stønad. Nokre område har også hatt høgt fråvær, noko som fører til dyre løysingar for å dekkja bemanningsbehovet. Utgiftene til korttidsvikar, ekstrahjelp og overtid har vore stabilt i åra 2014 til 2017, men har stege i 2018 og 2019.



I 2019 vart utgiftene til innleige av pleiepersonell kraftig redusert.

Pleie til heimebuande er området som har hatt høgast meirforbruk. Dette skuldast nye behov og omlegging av tenestetilbod. Ein har likevel ikkje lukkast å flytta ressursar i tilstrekkeleg grad frå institusjon til heimeteneste. Dette er ei ønska dreining, men endringa tek tid. Omfanget av tenesta brukarstyrt personleg assistent (BPA) har auka betydeleg siste året, og nye vedtak med omfattande timetal vart fatta hausten 2019. Ein har ikkje klart å dekke dette behovet innanfor budsjetttramma, og det vart løyvd ekstra ressursar i 3. kvartalsrapport.

Omsorgsløn hadde òg større utbetalingar enn budsjettert, og for NAV gjeld det tilskot buutgifter og kvalifiseringsprogrammet.

Investeringar

	2019	2018
Brutto	3 039	3 081
Refusjon/ tilskot		
Eigenkapital/ Likv. reserve		-1 910
Lån framandkapital	-3 039	-1 171

Brukarperspektiv

Det var allereie tidleg på året klart at drifta var dyrare enn budsjettert i 2019. Det vart iverksett tiltak som å flytte demensutgreiinga ut til heimetenestene, stenge sterkavnippet på Voss sjukeheim og å vri drifta over frå langtids plassar til vekslepleie og korttid. Alle som treng plass har likevel fått det. Desse tiltaka vart iverksett etter fagleg innspel frå tilsette i avdelingane. Det er fleire positive effektar, ein av dei er at det verkar positivt inn på rekneskapen.

I 2019 har det vore jobba med å endra helse- og omsorgstenestene slik at dei vert meir berekraftig og i tråd med politisk vedteken strategi. Helse- og omsorgstenestene står ovanfor store utfordringar i framtida, og desse må løysast i samarbeid mellom tenesta og innbyggjarane. Me skal utvikla tenestene i tråd med nasjonale føringar innan økonomisk ramme, og med brukar i fokus. For å få det til er det naudsynt å endra organiseringa av tenestene, og Granvinsmodellen/tillitsmodellen skal utviklast og tilpassast Voss herad. Tenestene i helse og omsorg skal vera kunnskaps- og forskingsbasert, og nytta brukarane og tenesteytarane sine erfaringar. Brukarar og innbyggjarar skal få nok og tilpassa informasjon slik at dei kan ta gode avgjersler om eiga helse. Fleire skal bu i eigen heim. Det er etablert ei prosjektgruppe som skal sjå på korleis dette arbeidet skal organiserast vidare, men allereie i 2019 er det gjort ein del endringar:

- 8 korttidsplassar i institusjon vert no nytta meir fleksibelt etter behov hjå brukarane i ein pilot.
- Pilotprosjekt starta for å innføra Granvinsmodellen/tillitsmodellen i område Aust (Vetleflaten + heimetenester). Tenesteytar er aktivt med i vurderinga av behov for tenester og tildeler tenester. Personalet jobbar både i heimetenestene og i institusjon, og dette gjer at brukarane er kjent med personalet.

- Personar med demens vert utgreidd i heimen i staden for i institusjon. Slik at utgreiing skjer der brukar er trygg og kjend. Dette gjer ein meir realistisk utgreiing, og brukar blir mindre ura då han slepp å flytta frå heimen.
- Aldersheim som heildøgntilbod har vore i ein prosess med avvikling. Nye omsorgsbustader som vert bygd på Vetleflaten (Udlabutomta) vil erstatta tenestetilbod i aldersheim.
- Tal på plassar i dagtilbod for heimebuande er auka ved Hagahaugen og for personar med demens ved Voss sjukeheim.
- Tilbod om kvardagsrehabilitering er styrka.
- Frå hausten 2019 vart lågterskeltilbod forsøkt utan vedtak innan tenesteområdet for rus og psykiatri. Ca. 10 brukarar med kortvarige behov har fått samtalar og oppfylgning.

Medarbeidarperspektiv

Helse og omsorg har lagt opp til medverknad frå tilsette gjennom brei deltaking i arbeidsgruppene for kommunesamanslåinga. Hovudverneombod frå Voss, og tillitsvalt frå Voss og Granvin er representert i overordna prosjektgruppe helse og omsorg. Dei har delteke på møter med overordna prosjektgruppe og fellessamlingane for alle arbeidsgruppene. Endringane i prosjektarbeidet har ført til at tilsette har vorte flytta på, og endringar kan vera utfordrande. Det har vore utfordringar knytt til å få ut informasjon til tilsette. Ein har ikkje lukkast å få nok medverknad og engasjement blant personalet, i arbeidet med samanslåinga.

Ein skal jobba aktivt med å rekruttera, behalda og utdanna helsepersonell.

Interne prosessar

Avvikling av spesielle tilbod og omlegging av andre tilbod har påverka både brukarar og tilsette.

Det er jobba med å endra måten tenester innan pleie- og omsorg vert tildelt. Alle områda skal tildela tenester. Det er utnemnd tilsette som skal gjennomføra vurderingsbesøk hjå søkjar, vurderer behovet og dokumentera frå besøket. Sakshandsamar kvalitetssikrar vedtaka. Søkjarar skal informerast om kva dei kan forventa av helse og omsorg, og om kva som vert forventa av dei, til dømes at dei gjer det dei kan for å kunna klara seg best mogleg sjølve. Det vert gitt informasjon om frivillige tilbod.

Helse og omsorg i Voss kommune har i samarbeid med Sunnsoft Publishing utvikla eit digitalt kvalitetsverktøy, Kvalitetshuset, for mellom anna å sikra at personalet har rett kompetanse innan sitt fagområde. Det er utvikla ein kompetansestige i Kvalitetshuset som fortel den tilsette kva kunnskapsnivå som vert forventa, ut frå type utdanning og erfaring. Kompetansestigen vil gje den tilsette forventa kompetanse.

Det har vore jobba med utgreiing av ulike løysingar for kommunalt kjøkken i tilknytning til institusjon.

Det er fleire prosjekt som er under arbeid i Helse og omsorg og NAV – prosjekta har som mål å få folk i arbeid.

15.3 Rådmannen sin stab

Hovudbodskap

2019 har vore eit år der staben har brukt mykje tid på å bygga opp ein ny kommune, i tillegg til å halda hjula i gang med vanlege stabs- og støttetjenester. Av oppgåver for å bygga Voss herad har desse vore viktige: laga overordna planar og styringsprinsipp, innplassering av alle tilsette frå begge kommunar, økonomiplan og budsjett, nye nettsider og grafisk profil, nytt arkivsystem, nye rutinar, reglement og retningslinjer og ikkje minst å starta arbeidet med å byggja den kulturen me ynskjer å ha i Voss herad.

Avvik budsjett/ rekneskap 2019 i 1000 kr

	Opprinneleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2019	Avvik +/- revidert budsjett	Rekneskap 2018
Utgifter	55 325	57 773	69 481	-11 708	65 951
Inntekter	-6 950	-7 433	-21 063	13 630	-17 232
Netto	48 375	50 340	48 418	1 922	48 719

Økonomi

Rådmannen sin stab går om lag 1,9 mill. kr. i pluss.

Stabsavdeling Økonomi og analyse går om lag 2 mill. kr i pluss. Grunnen til dette er auke i inntekter, mellom anna frå ein del tilskot der utgiftene har kome tidlegare år.

Stabsavdeling HR og innovasjon gjekk om lag 0,6 mill. i pluss. Lisenskostnadane var høgare enn budsjettert, medan det i 2019 vart brukt mindre til felles opplæring. I tillegg vart summen som var sett av til arbeid med å få auka talet på lærlingar, ikkje brukt i 2019. Grunnen til dette var arbeidet med å bygga ny kommune.

Stabsavdeling Innbyggjarservice gjekk om lag 0,6 millionar kroner i minus. Her er det auke i kostnadar til lisensar, og auke i lønsmidlar grunna omlegging av arkiv hovudårsaka.

Investeringar


	2019	2018
Brutto	723	2 019
Refusjon/ tilskot	-116	-427
Eigenkapital/ Likv. reserve	-300	-481
Lån framandkapital	-307	-989

Brukarperspektiv

Kommune- og fylkestingsvalet vart gjennomført i 3. kvartal, og Voss heradsstyre vart konstituert 17. oktober. Staben har ei sentral rolle i å leggja til rette for gode demokratiske prosessar, og å halde informasjon mellom innbyggjarar, politikarar og administrasjon. Dette har vore meir krevjande i 2019 enn tidlegare år, då kommunen har hatt fleire styrande organ i løpet av året. Dette vera seg Voss kommunestyre, Fellesnemnda for Voss herad og Voss heradsstyre.

Medarbeidarperspektiv

Den overordna strukturen for staben i Voss herad frå 2020, vart sett allereie i 2018 med tre stabsavdelingar: HR og innovasjon, Innbyggjarservice og Strategi og styring.



I 2019 har det vore jobba med å fylla desse avdelingane gjennom å innplassera tilsette, laga rutinar og reglement, skaffa rett kompetanse og system. Det er laga organisasjonsplanar som skildrar dette.

Det vart gjennomført kartleggingsamtalar med alle tilsette i stab, der føremålet var å kartlegga kompetanse, ynskjer om arbeidsoppgåver i ny kommune, og eventuelle omsyn som måtte tas ved innplassering. Alle tilsette vart innplassert, med stilling og kva avdeling dei skulle jobba i, innan 1.april 2019.

Det har vore arbeidd med organisering og oppgåvefordeling for å laga gode og effektive arbeidsprosessar. Vidare er det sett i gang ei kulturkartlegging; korleis gjer me det hjå oss, og korleis vil me ha det? Kva skal til for å oppnå ynskt endring? Korleis byggja ein felles organisasjonskultur i ny kommune?

Interne prosessar

Ny organisasjonsstruktur, arbeidsmåtar og føringar har vore prioritert av interne prosessar. Det har også vore arbeidd med å førebu samanslåing og klargjering av fagsystem til ny kommune. Dette gjeld i hovudsak for arkiv, HR- og økonomisystem.

Staben har også jobba med avslutning av arkiv for Voss kommune og etablering av arkiv for Voss herad, samt med avslutning og avlevering av databasar i fagsystem. I tillegg har det vore arbeidd med å byggja ny innbyggjarportal som erstatning for nettsidene som finst i dag, sjå <https://voss.herad.no>.

15.4 Kultur og fritid

Hovudbodskap

Aktiviteten i avdelinga har vore stor gjennom året. Det har vore mykje arbeid knytt til berekraftig drift av Kulturhuset, og samanslåinga med Granvin.

Det har vore 34 313 besøkande på kino i 2019, ein nedgang på 11,9%, mot 38 477 besøkande i 2018. Dette er noko større nedgang enn samanliknbare kinoar. Biblioteket hadde eit utlån på omlag 65 000, noko som er ein reduksjon frå tidlegare. Forklaringa på dette kan vera at det har vore utfordrande tilkomst til kulturhuset i året som har gått. For biblioteket var i tillegg bokbussen ute av drift i tre månader grunna tekniske problem. Biblioteket har likevel hatt varierte arrangement for born, ungdom og vaksne, og resultatet av innleigd interiørarkitekt visar att.

Avvik budsjett/ rekneskap 2019 i 1000 kr

	Opprinneleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2019	Avvik +/- revidert budsjett	Rekneskap 2018
Utgifter	53 196	53 855	56 700	-2 845	60 064
Inntekter	16 136	16 136	18 281	2 145	21 891
Netto	37 060	37 719	38 419	-700	38 173

Økonomi

Kommunalavdelinga hadde eit samla underskot i høve budsjett på 700 000 kroner.

Kulturhus og kino skal vera sjølvfinansierande avdelingar, og økonomisk resultat for desse er avgjerande for resultatet for heile avdelinga. Kulturhuset og kino hadde eit overforbruk i høve budsjett på omlag 1,4 mill. kr ved årets slutt. Dette skuldast i hovudsak at besøkstal på kino ligg under budsjettert nivå, mindre inntekter på utleige, samt meir innleige av lydtenester. I tillegg har det vore gjort naudsynte investeringar i høve det trådlause lydanlegget slik at dette tilfredsstillar krava. Det er gjort endringar i tilbodet slik at lønsbudsjettet for kino kjem ned på budsjettert nivå.

Kulturskulen har noko lågare inntekter enn budsjettert når det gjeld brukarbetaling og andre inntekter. Dette har ført til eit underskot på litt over 200 000 kroner samanlikna med budsjett. Dei andre avdelingane ligg om lag på budsjettert nivå, medan kulturarbeid/idrett har eit mindreforbruk på om lag 1 mill. kr grunna vakante stillingar.

I tillegg har avdelinga hatt utgifter til lagring av «Ridande vossabryllaup» (72.000 kroner) som ikkje er budsjetterte.

Brukarperspektiv

Anleggsarbeidet rundt Kulturhuset har halde fram i om lag heile 2019, og har medført ein vanskelegare tilkomst i denne perioden. Biblioteket hadde auka oppslutnad om leseaksjonen Sommarles, der 360 born var med i år. Haustprogrammet for kulturhuset er laga i samarbeid mellom kulturhuset, kulturskulen og biblioteket.

Ungdomshuset har vore stengt i ein periode grunna legging av nytt tak. Gryto er framleis godt besøkt.

Medarbeidarperspektiv

Det vart i 2019 tilsett nye leiarar i Gryto og på kulturhuset. Mangeårig leiar ved Gryto har gått av med pensjon, og ny leiar startar opp ved årsskiftet.

Biblioteket er med på eit forskingsprosjekt i eit doktorgradsarbeid om arrangement i biblioteket. Både tilsette, brukarar og politikarar er intervjuet. Kulturskulen har gjennomført ein større fellesproduksjon saman med dei andre kulturskulane i Hardangerregionen og andre hausten 2019.

2019 har vore eit år der mange tilsette har fått endra arbeidsoppgåver midlertidig, grunna vakante stillingar.

Interne prosessar

Samanslåing av Voss kommune og Granvin herad har medført mykje tilpassingar og bruk av tid. Dette gjeld spesielt for biblioteket og kulturskulen.

15.5 Teknisk

Hovudbodskap

Tekniske tenester har gjeldande kommuneplan sin visjon som førande; «Voss – bygd for sterke opplevingar», med overordna mål om at Voss skal vidareutviklast som eit sterkt og attraktivt regionsenter med levande bygder.

Arbeidet med samanslåing av Voss kommune og Granvin herad har stått sentralt i alle avdelingar innan tekniske tenester i 2019. Fleire prosjekt vart sett i gang for å sjå nærare på interne arbeidsoppgåver og prosessar. Prosjektleiing for reinhaldningsprosjektet og prosjektleiing for Prosjektavdelinga vart tilsett. Arbeidet med vidare planlegging og gjennomføring held fram i nytt herad 2020.

Sentrumsplanprosjektet har halde fram med stort engasjement i 2019, både internt og eksternt. Det har kome mange gode innspel i høyringsrunden, frå innbyggjarar i både Voss og Granvin, og frå regionale og statlege styresmakter. I dette arbeidet vart Voss kommune nominert som éin av tre finalistar i Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) si tevling om tittelen Attraktiv by/bygd. Bergen vart vinnar.

Av andre store hendingar kan nemnast: ferdigstilling av nye omsorgsbustader på Lundhaugen, og igangsetjing av nytt prosjekt med omsorgsbustader ved Vetleflaten (Udlabutomta). Ny bru og oppgradert veg frå Rv13 Mønshaugen - Bjørke vart ferdigstilt. For første gong på mange år hadde Voss kommune ei vegopning med snorklipping.

Avvik budsjett/ rekneskap 2019 i 1000 kr

	Opprinneleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2019	Avvik +/- revidert budsjett	Rekneskap 2018
Utgifter	233 253	257 785	276 940	-19 156	260 048
Inntekter	-121 261	-130 796	-150 752	19 956	-142 226
Netto	111 992	126 988	126 188	800	117 823

Økonomi

Rekneskapen for tekniske tenester viser totalt eit mindreforbruk på 800 000 kr i høve revidert budsjett. Utgiftene ligg 19 mill. kr over budsjett, medan inntekter utgjorde i underkant av 20 mill. kr over budsjett.

Noko av årsakene til store avvik er mellom anna at fleire investeringsprosjekt er redefinert frå investering til drift (skifte av tak på Idrettshallen, nytt garderobeanlegg på brannstasjonen, midlar til tilpassing av skulebygg for elevar med særskilte behov, m fl).

Arbeidstilsynet registrerte i tilsyn tidlegare år at brannmannskapa ikkje hadde godkjende garderobetilbod som oppfylte krava til helse og sikkerheit. Grunna problem med postmottak av digital post i heradet, fekk ikkje tekniske tenester breva frå Arbeidstilsynet. Det resulterte i at kommunen måtte betala dagmulkt ein periode fram til garderobebrakkene var klare for bruk, til saman 400 000 kroner. Det vart gjort vedtak om å

byggja ny lokalbrannstasjon i samarbeid med Røde kors på Vinje i 2020-2021. Ny hovudbrannstasjon vart lagt inn i økonomiplan med ferdigstilling i 2023.

Innan oppmåling og byggjesak vart det noko mindre gebyrinntekter enn venta, grunna at marknaden styrer arbeidstilfanget. Dette vert regulert med god styring på utgiftsida. Fleire stillingar står vakante i påvente av om dette er ein permanent situasjon, eller om det er forbigåande. Sjølvkostrekneskapen syner at både byggjesak og oppmåling hadde høgare utgifter enn inntekter i år. For byggjesak er dette dekkja inn med om lag 600 000 kroner frå sjølvkostfond. Då oppmåling ikkje har slikt fond, kjem det fram som eit negativt resultat med 455 000 kroner.

Det er gjennomført konsulentarbeid i arbeidet med Sentrumsplanen som vert dekkja av tildelte tilskotsmidlar etter søknad frå ulike institusjonar.

Investeringar 2018 i 1000 kr

	2019	2018
Brutto	80 246	59 820
Refusjon/ tilskot	37 229	12 694
Eigenkapital/ Likv. reserve	6 974	6 489
Lån framandkapital	36 042	40 637

Dei største investeringsprosjekta i 2019 var:

- Lundhaugen omsorgsbustader som vart ferdigstilt i 2019.
- Kvisli bru vart opna med tilhøyrande veganlegg, total kostnad 7,2 millionar kroner.
- Det vart kjøpt lastebil og bilar for totalt 4 mill. kr til kommunalavdelinga.
- Av andre prosjekt kan nemnast rehabilitering av foajeen i Gamlekinoen, ekstraordinært vedlikehald på reinseanlegget, tak på Kløve barnehage, utbetring skular/tilpassing til elevar med særskilte behov, uteområde ved Gjernes skule, og garderobeanlegg i brakker på hovudbrannstasjonen (pålegg Arbeidstilsynet).
- Rehabilitering av høgdebasseng på Vinje, Skjerpe, Oppheim og Bryn.

Brukarperspektiv

Tekniske tenester servar i utgangspunktet alle innbyggjarane i Voss kommune, entreprenørar og utbyggjarar, samt interne brukarar av alle formålsbygga våre der tenester vert utøvd.

Leveranse av reint drikkevatt er ei sentral oppgåve. Arbeidet med sikring av vasskjelda har vore prioritert, og ny kunnskap har ført til endra sikringssoner. Dette har gitt opning for å få grava ned røyra som mellombels har vore plassert på stranda på Grandane.

Arbeidet med reservevasskjelda på Bømoen held fram. Ny hovudplan for vatn og avløp i Myrkdalen har vore arbeidd med gjennom året, og vart klar til utlegging og offentleg høyring på slutten av året. Planen rår til at kommunen tek over leveransar av vatn og tek hand om avløpet i Myrkdalen i framtida.

Byggjesak har hatt noko utfordring med framdrift i saksbehandling på grunn av kapasitet. Dette var løyst i løpet av hausten ved tilsetjing i ledige stillingar. Totalt kom det inn og vart handsama 350 søknader i 2019. Dette gjeld byggjesøknader, frådelling, seksjonering og utslepp. 6 planar vart godkjende i kommunestyret. Det vart oppretta 91 nye grunneigedomar, 2 festegrunnar og 213 eigarseksjonar.

Fastsette rutinar og faste møtetidspunkt for kundekontakt med byggesak fungerer godt.

Oppmålingsavdelinga har ikkje hatt ventearkiv på oppmålingsforretningar. Planavdelinga har hatt mykje

brukarmedverknad gjennom arbeid med ny sentrumsplan. Mange opne kveldsmøte, kontordagar, presentasjonar og eige medverknadskontor i sentrum (BygdeLab).

Medarbeidarperspektiv

Ny leiar for Bygg og Eigedom vart tilsett og tok til i Voss kommune i desember. Det er endra noko på ansvarsområda for nokre vaktmeistrar grunna nye og større bygg. HMS er eit prioritert område for avdelinga.

Planavdelinga har hatt 40% planleggjarstilling frå Granvin gjennom 2019.

Byggjesak har over fleire år hatt utfordringar med fråvær. Dette er løyst med å tilsetja ein ny person frå juli 2019. Stillinga er finansiert gjennom refusjon av sjukefråvær.

Planavdelinga har hatt 100% prosjektleiar for ny sentrumsplan heile året.

Oppmåling har hatt 140% vakant stillingsheimel. Det er gjort noko endring på oppgåvefordeling etter nyttilsetting. Totalt har avdelinga redusert ressursbruken med éi stilling. Det har vore ei prøveordning i 2019, og det har vist seg å vere ei god løysing.

Interne prosessar

Det er jobba kontinuerleg for å få på plass betre arbeids-/oppgåvefordeling på byggjesak.

Arbeidet med sentrumsplanen har involvert mange på planavdelinga, og har skapt eit godt fagleg og sosialt miljø.

Framlegg til ny prosjektorganisering av byggje-/investeringsprosjekt vart utarbeidd gjennom ei tverrfagleg prosjektgruppe. Leiar vart tilsett, og arbeidet med å byggja opp ei avdeling vil ta til i 2020.

Nytt vedlikehaldsprogram for kommunale bygg vart kjøpt inn (FAMAC). Programmet skal hjelpe oss å gjennomføra ei systematisk drift og vedlikehald av alle kommunale bygg og bustader. Programmet vil letta kommunikasjonen mellom Bygg og eigedomsavdelinga og brukarane. Ny organisering av reinhald vil og nytta ein eigen modul av dette programmet i reinhaldsarbeidet.

Parallelt med vanleg drift har det vore jobba med kommunesamanslåinga. Dette har ikkje gått utover dei lovpålagte oppgåvene.

16. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål

Voss kommune hadde Sparebank 1 SR Bank som hovudbank.

Kommunen har ikkje plassert overskotslikviditet i pengemarknadsfond og renteberande verdipapir.

	31.12.2018		31.03.2019		30.06.2019		30.09.2018		31.12.2019	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Innskot hos hovedbankforbindelse	402 470	98 %	405 927	97 %	426 619	97 %	373 780	99 %	408 631	100 %
Innskot i andre bankar	9 396	2 %	10 549	3 %	11 107	3 %	1 961	1 %	1 712	0 %
Direkte eie av verdipapir										
Samla kortsiktig likviditet	411 866	100 %	416 476	100 %	437 726	100 %	375 741	100 %	410 343	100 %
Avkastning sidan 01.01.2018		6 018		137		1 778		2 329		8 448
Største tidsinnskot	207 011		207 011		237 011		237 011		191 873	

Tabellen viser innskot i bank fordelt på konto.

Art	Regnskap 2019	Regnskap 2018
21020010 3480 07 00185 Voss Sparebank	1 711 862	8 423 236
21020110 3201.46.70954 Brukskonto	155 666 632	141 089 526
21020112 3201.46.70970 OCR Visma	4 353 343	3 398 379
21020113 3201.46.70989 OCR Procasso	82 307	388 302
21020115 3201.46.71136 Renter/prov.	7	7
21020120 3201.46.70962 Næringsfond (kraftfond Voss kommune)	6 582 236	3 112 597
21020125 3201.46.71101 Regionalt Næringsfond Aurland-Vik-Voss	1 334 373	1 440 491
21020130 3201.46.71055 Fiskefond BKK (Hamlagrø)	68 649	67 236
21020131 3201.47.61224 Fiskef. Eksingedalen	426 444	417 671
21020132 3201.46.71004 Tilfl. rom	463 958	454 413
21020133 3201.46.71039 Båthamn	401 838	393 571
21020134 3201.46.71020 Frikjøp p.plassar	2 638 057	2 583 783
21020135 3201.46.71063 Fiskef. Torfinnsvatnet	85 896	84 129
21020136 3201.46.71098 Viltfond	1 407 191	1 007 775
21020140 3201.65.01289 Kulturfondet	193 058	189 086
21020149 3201.06.10183 Barnevern-Visa	14 515	14 722
21020150 3201.60.30340 Barnevern	13 823	13 198
21020152 3201.61.32119 NAV	16 095	47 233
21020153 3201.71.74532 Flyktningkontoret	46 016	34 639
21020154 3201.06.10175 Flyktning-Visa	26 008	29 147
21020155 3201.62.63493 Startlån	9 939 416	9 506 270
21020160 3201.10.69664 Plasseringskonto	191 872 790	207 011 107
21020165 3201.13.90616 mCASH	122 380	47 177
21020220 Vekselbanken 9581 09 79802 (vetleflaten oms.)	0	495 148
21020230 Gåve Voss sjukeheim 9581 09 79810	0	477 760
21020576 3201 07 80097 depositum Haugateigen	108 646	106 411
21020577 3201.10.04945 Hangursvegen Terrasse	1 652 821	1 618 817
21020578 3201.14.81344 Park Hotel Voss	871 131	1 245 848
21020579 3201.14.81336 Læringsverkstedet Prosj.utv.	282 629	276 814
21020580 3201.14.81352 Karibyen	2 962 214	2 901 271
21098150 3201.46.70997 Skattetrekk	26 998 734	24 990 666
Sum	410 343 069	411 866 430

Voss kommune sin likviditetsbeholdning har vore relativt stabil dei siste åra. Ved utgangen av 2019 var det 156,2 mill. kr i ubrukte lånemidlar, som er ein auke med 13,4 mill. kr.

17. Forvaltning av kommunen si gjeldsportefølgje

Voss kommune har vore inne i ein periode med store investeringar, men i 2019 har lånegjelda ikkje auka.

Det er tatt opp lån med flytande rente på 46,8 mill. kr. i Kommunalbanken.

	31.12.2018		30.03.2019		30.06.2019		30.09.2019		31.12.2019	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Lån med pt rente	538 621	52 %	537 226	52 %	526 266	51 %	525 782	52 %	513 913	49 %
Lån med NIBOR basert rente	206 190	20 %	202 567	19 %	201 440	20 %	197 818	19 %	246 492	24 %
Lån med fast rente	302 689	29 %	301 572	29 %	294 947	29 %	292 920	29 %	287 204	27 %
Samla langsiktig gjeld	1 047 500	101 %	1 041 365	100 %	1 022 653	100 %	1 016 520	100 %	1 047 609	100 %
Største enkeltlån	130 082		130 082		126 365		126 365		121 532	

	Lånegjeld til		
	investering	Startlån	SUM
Saldo 31.12. 2018	1 047 500	198 379	1 245 879
Låneoptak	46 800	25 000	71 800
Avdrag	49 691	10 081	59 772
Saldo 31.12. 2019	1 044 609	213 298	1 257 907
Lån Nyresfeltet	2 387		2 387
Sum	1 046 996	213 298	1 260 294

I finansreglementet heiter det at:

Lån som vert kompensert med tilskot basert på flytande rente eller lån som er til tenester som er basert på sjølvkost knytt opp mot flytande rente, skal lånast opp i flytande rente.

For Voss er dette 245 mill.kr som enten gjeld kompensasjonstilskot eller sjølvkost. Ser ein bort frå desse låna som vert kompensert med flytande rente er fordelinga slik:

- Pt. Rente: 34 prosent
- 3 månader Nibor rente: 30 prosent
- Fastrente: 36 prosent

Finansreglementet viser at minimum 1/3 av gjeldsportefølja skal ha flytande rente (rentebinding kortare enn eitt år), minimum 1/3 skal ha fast rente, mens 1/3 skal vurderast ut ifrå marknad situasjonen.

På grunn av kommunesamanslåing har ein venta med å inngå nye fastrenteavtalar, slik at det skal vera enklare å slå saman lån, og refinansiera i den nye kommunen.